



Team Hardanger

Referat frå møte i Team Hardanger

Torsdag 23.mai 2019 kl 09.00-14.00
Stad: Kvam rådhus

Tilstades:

Jan Tjosås, Reidun Haugen Dalseth, Heidi Ryste, Kjersti Bjørke, Olav Seim, Wermund Vetthus, Trude Rinaldo, Jostein Eitrheim.

Gjest: Hardangersmak v/ dagleg leiar Kristine Håland

1. Innmelde saker ved møtestart.

- Siderfestivalar.
- Trainee Indre Hardanger

2. Regionalt Etablerarfond Hardanger.

Alle etablerar mellom 2015-2018 har fått spørsmål om korleis det går. Av 45 tilsagn er 41 oppe og går, berre 4 som ikkje eksisterar i dag.

Trude kontaktar etablerarane og spør om dei er villige til at dette vert presentert i media. Me lurar også på kor mange arbeidsplassar det er blitt.

Ta initiativ til å organisera eit nettverk for desse gründarane i samarbeid med næringsshagane.

3. Diverse tilbakmeldingar

- Kompetanseforum Hardanger og Voss
- Karriere Hordaland
- Inkludering: Sosialt Entreprenørskap i Hardanger
- Travel like the locals
- Turistbåtruta på Hardangerfjorden
- Hardangerkonferansen 2019
- Norsk Hydrogensymposium 2019
- Utkantkonferansen: "Ungdommen vår - ein viktig ressurs no og i framtida !"
- Mentorordning for gründarar og nyutdanna som skal overta kompetansejobbar

4. Runde rundt bordet. Nytt frå kvar kommune

Granvin:

- Vossakjøt. Eldhusa vert flytta frå Evanger til Granvin. Midlar til flaumsikring vert no nytta i prosjektet i Granvin. 10 årsverk på Evanger. Mogelegheit for at Vossakjøt kan produsera for Nortura.
- Stor byggjeaktivitet i Granvin. Fortida 3 utbyggarar, bl. anna "Min heim"
- Treng å auka barnehagekapasiteten
- Berekraftig reisemålsutvikling: Prosjekt med Voss

Odda:

- Reguleringsplanar Boliden og Almerket.
- Parkeringsavgift
- Ny kommune

Jondal:

- Nytt besøkssenter på Folgefonna
- Rib-båtar på Hardangerfjorden
- Nytt hotell i Jondal

Næringsshagen i Hardanger:

- Hardangerbadet
- Hardanger Adventure
- Ny aktivitet på Kvamskogen
- Mathuset i Hardanger - Bønder har kjøpt det nedlagde meieriet i Øystese og arbeider med aktivitet som skal fylla huset
- Nytt: Gründerkurs
- Eidfjord Resort er ein av nye medlemmer
- Skal ha kontordagar i Eidfjord. Alle invitert til opning 6.juni i Eidfjord
- Ny medarbeidar i Næringsshagen i Hardanger

Kvam

- Nytt næringsareal i Sandvenhagen.
- Nytt næringsområde på Laupsa
- Fjellstrand er med i prosjektet "Urban vessel"
- Thon hotel kåra til mest lønsame i Norge, og no skal dei restaurera heile det gamle Sveitserhotellet.
- Helse Hardanger skal tilby tenester for heile landet innan nokre felt.

Næringsshagen i Odda

- Stor etterspørsel etter arbeidskraft
- Samarbeid mellom skule og næringsliv er viktig for Hardanger Industri, Næringsshagen har derfor fokus på det.
- Høgskulestiftinga i Hardanger samarbeider med Voss for å etablere
- Studiesenter der.
- Innovasjonssenter
- Arbeider med å revitalisere Trainee Indre Hardanger, samarbeid med Framtidsfylke som er gode på dette.
- Arbeider for statlege arbeidsplassar til kommunen
- Lagar filmar om identitet, arbeid, det unike og moglegheiter i Ullensvang kommune
- Hydrogenprosjektet

5. Studietur

Programforslag og reiserute for studietur til Lofoten 27.-30.10.2019 vart drøfta. Administrasjonen får i oppgåve å fylgja opp.

6. Innmeldte saker

Hardangersmak - orienterte om sitt arbeid. Etterpå dialog og spørsmål. Siderfestivalar var også opp til diskusjon og Team Hardanger er opptekne av at heile Hardanger samarbeider.